

## Naturmangfold Gbnr 45/1/54

Radøy kommune planlegg midlertidig klasseromsløysing tilknytt Manger barneskule. Arealet er i dag regulert til friområde i kommuneplan for Radøy. Landbrukskontoret har vurdert tiltaket etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

### §8 Kunnskapsgrunnlaget

Arealet er mellom anna sjekka opp mot artsdatabanken.no og naturbase.no. Det ligg ikkje vassforekomstar eller liknande som kan verta negativt påverka av tiltaket. Arealet er i dag omringa av bebyggelse og er så fragmentert at det i liten grad vil fungere som habitat for viltlevande artar, men det har ein verdi for rekreasjon.

Det er ikkje registrert naturverdiar i området, difor er det heller ikkje påvist moglege effektar på naturmangfaldet. Kravet i § 8 om at forvaltinga skal baserast på eksisterande kunnskap er oppfylt. Da artsmangfaldet ikkje vert råka av planforslaget og det ikkje kan påvisast effektar av tiltaket på trua eller verdifull natur legg landbrukskontoret til grunn at det ikkje er naudsynt å vurdera tiltaket etter prinsippa i §§ 9 – 12.

Om ein vil ha ein vurdering etter §§ 9 – 12:

### § 9 føre-var-prinsippet

Landbrukskontoret finn at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkelig til at ein på ein god måte kan vurdera effekten på naturmangfaldet i området. Inngrep i naturen vil gje endringar i landskapet. Da det ikkje ligg føre informasjon om viktig naturmangfald på eigedommen vert det vurdert at det er særslitent risiko for skade på naturmangfaldet.

### § 10 Økosystemtilnærming og samlet belastning

Kring liggjande areal er sterkt utbygd og det er gode system for avfall og utslepp. Bygget skal avlaste dagens barneskule og vil ikkje gje auka belastning for økosystemet utover dagens bruk. Det er ein føresetnad at det vert påkobla dagens avløp.

### §11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Da det ikkje er registrert spesielle naturverdiar på arealet er det, etter landbrukskontoret sin vurdering, liten eller ingen forringelse av miljøet. Arealet er godt kartlagt gjennom tidligare tiltak og det er ikkje grunnlag for kostnadar knytt til forringelse av miljø. Anlegget skal tilkoplast offentleg vatn og kloakk og vil ikkje gje auka utslepp i området. Området er avsatt til friområde i kommuneplanen, det vert likevel vurdert at behovet for lokale til undervisning må prioriterast. Det vil framleis vere god tilgang til grøbntarealet rundt bygget.

### §12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder.

Det er få alternative lokalitetar for pavilionen og framlagte verkar å vare den som er best tilpassa miljø- og samfunnsinteressar.